

Balestrand Bygdalag
v/ Svein Arne Skuggen Hoff
Epost: sveinarne@planprosess.no

SOGNDAL KOMMUNE
v/rådmann

FØRESPURNAD OM DIALOGMØTE

Foreininga Balestrand Bygdalag vart stifta den 11.02.21.
Kopi av stiftingsdokumentet og vedtektene følgjer vedlagt.

Føremålet med laget er nedfelt i paragraf 2 i vedtektene:

Foreininga sitt føremål er å vera eit talerøyr for interessene til innbyggjarane, organisasjonane og bedrifter i tidlegare Balestrand kommune som no er del av Sogndal kommune. Foreininga skal bidra til, og støtte opp under, ei god samfunnsutvikling i dette området.

Balestrand Bygdalag skal fremja innbyggjarane, organisasjonane og bedriftene i det som er att av gamle Balestrand sine interesser. Samtidig ønskjer me å vera konstruktive og bidra til ei positiv samfunnsutvikling i dette området.

Dette er bakgrunnen for at bygdalaget ønskjer å koma i ein god dialog med den administrative leiinga i Sogndal kommune. **Me ønskjer såleis å få eit dialogmøte med den administrative leiinga i løpet av april/mai.**

Aktuelle tema for dette møtet er:

1. Presentasjon av Balestrand Bygdalag
2. Orientering om den administrative organiseringa i Sogndal kommune
3. Drøfte om det er mogleg å få til denne typen dialogmøte som ei fast ordning
4. Rutinar for samhandling/tenestevegar
5. Informasjon og dialog om konkrete saker:
 - Gå igjennom status - for Balestrand sin del -viktige moment i den politiske plattformen for samanslåinga (sjå vedlegg).
 - Orientering om budsjettprosessen og viktige milepælar for påverknad i denne prosessen.
 - Status på prosessen med bru over Esefjorden
 - Revisjon av konsesjonsvilkåra for Vetlefjordelvi
 - Plan for grøntområda i Holmen (turisteksponerte område)

6. Administrasjonen orienterer om andre aktuelle saker/administrative grep som vedkjem Balestrand

Vi ser fram til å få ei tilbakemelding med konkret framlegg til dato for eit møte.

Med venleg helsing

Svein Arne Skuggen Hoff
leiar
Balestrand Bygdalag

Kopi:

- Stiftingsdokumentet og vedtektene for Balestrand Bygdalag
- Moment i den politiske plattformen for samanslåinga